

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 15.08.2017

Til stades: Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen,, Kenneth Vikane, Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken, Marta Samland, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia Gulbrandsen

Sak 2017/50: Innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2017/51: Godkjenning av referat frå styremøte 13. juni; godkjent.

Sak 2017/52: Kort rapport frå sommaren;

- Ingen aktivitet i Kulturhuset etter Herandshelga. Ikkje noko problem med camping/bubilar på plassen. Innflytting av ny leigetakar har gått fint, lagerleige er omdisponert.
- Båtbyggjarmuseet; Sverre Haugen trur besøket er omtrent som i fjor. Filmprosjekt går sin gang.
- Vatning/bosstøming har gått ok, ikkje mykje arbeid å vatne blomar i år.
- Eitt dobbelt bord er ikkje kome opp att til Kulturhuset etter jonsokfeiring.
- Kulturhistorisk Senter har hatt aukande besøk i år.

Sak 2017/53: Val av nestleiar;

Marit Huus har flytta, og er derfor ikkje lenger i styret. Marta Samland har gått inn på fast styreplass og Sigmund Eiken går inn som 1. vara. Styret har valt Una Eiken til nestleiar.

Sak 2017/54: Kramsjø flytter, sal av restauranten i Meieriet:

Trym Klingenberg ynskjer å selje Kramsjø/husa på bryggja og drifta i Meieriet. Han vil gjerne ha vidare drift med nye eigarar, og har ikkje hast med salet. Bygdelaget er positive til å vidareføre en avtale for Meieriet med nye eigarar, men vil ha ei utbetra avtale. Styret er i dialog med Kramsjø i prosessen rundt salet.

Sak 2017/55: Planleggjing av jubileumsfest;

Herand Bygdelag er 20 år i 2017! Dette vert markert med ein stor jubileumsfest på Herand Kulturhus laurdag 28.10.17 kl 18.00. På festen vert det program med innslag av Sjur Hjeltnes, lokal musikk og historie. Middag med dessert og kaffi. Etter maten vert det dans med Scenaskrekk. Meir info og påmelding er på veg.

Sak 2017/56: Nye nettsider – tilbod frå Travis Peterson:

Styret har fått eit tilbod om utvikling av nye nettsider. Men me vil fyrst undersøkje om det er mogleg å utvide landskapsarksidene til og å gjelde informasjonen som ligg på Herand.no. Ein må og sikre eit godt system for drift/oppdateringar før eit ev kjøp av nye sider.

Sak 2017/57: Skatt av leigeinntekt, føre inn verdiar av bygningar i rekneskapet;

Gunnar har vært på eit kurs i rekneskap på Jondal Frivilligsentral og har på grunnlag av det laga eit notat til styret om økonomi som vert behandla på neste møte.

Sak 2017/58: Eventuelt;

- Styret vart førelagt ein foreløpig oversikt over rekneskap 2017. Det er omlag i balanse.
- Det er annonsert frist for søknad om momskompensasjon, Gunnar ser på saka.
- Vegljøs i bygda – her er det mange «mørke flekker», veldig dårleg rundt kulturhuset. Gunnar sender ein epost til teknisk etat i Jondal Kommune.
- Status båtbyggjarmuseet; me har ikkje rokke på å male dette i sommar grunna vått ver og anna arbeid. Hardangerstiftinga har gjeve støtte på kr 54.000,- til reperasjon av museet (tak/div). Gunnar hentar ut støtta, og me prøvar framleis å få gjort ferdig jobben i haust.
- Turistmøte; Herand Bygdelag vil og i haust be inn til eit oppsummeringsmøte over turistsesongen. Dette vert tysdag 19.09.17. Gunnar sender ut invitasjon til alle tilbydarar innan turisme, men møtet er ope for alle interesserte. Velkommen.
- Møtedag, me bytter møtedag til måndagar i haust, neste møte er måndag 11.09.17 kl. 18.30.
Merk tida!